

Fotballgruppa

Styret har i meldingsåret vore:

Frank Skjerping	- leiar
Birthe L Hatland	- nestleiar / skrivar
Tore Langeland	- kasserar
Britt Lillefosse	- materiell
Svein Ø Veseth	- anlegg
Ivar Solberg	- leiar sportsnemd
Katrine Ahmer	- kontakpersom økonominemd

Styret har hatt 11 styremøter og handsama 79 saker. Eit fellesmøte med Fotlandsvåg IL. Me hadde eit utvida styreseminar på Voss ei helg i februar. Leiar møter på styremøta til hovedstyret OIL. Medlemstalet er 245.

Me her hatt 18 lag påmelde i serie, 6 av laga har vore samarbeidslag med FIL. Laga har i tillegg til serien deltatt i ein del cup'er: I Vestlandshallen, Bjørnar, Kiwi, Eidfjord, BIF, Sogndal, Lærdalscup, Brann, Nattcup Vestlandshallen Sandviks åpningscup og innendørs cup i Nordhordalandshallen etter serieslutt.

Guttelaget hadde ein kjempetur til BIF-cup i Danmark.

Her har vore eit godt sportsleg nivå på dei aldersbestemte laga.

A-laget klarte dessverre ikkje å halde seg i 3 divisjon, men me har stor tru på at dei kjem sterkare igjen neste år. Dei spelte vår kampane i Fotlandsvåg og haust kampane på nydeleg gras på Hatland.

Årets kanskje største begivenhet var 17 august då me etter mange års innsats endeleg fekk åpna grasbana. I år har det ikkje vore dei store framskritta med Fugledalen. Me har bygd på klubbhuset og fotballgruppa har gjort ein stor innsats her.

Fotballgruppa har arrangert to bryggedansar, to dansegalla, lotteri, loppemarknad, ribbecup og utkjøring av bøker. Innandørsarrangementa våre har dessverre ikkje gitt oss så store overskot som me hadde forventa. Dette året kjem me til å gå litt i minus.

Fotballgruppa har hatt stor aktivitet i året som gjekk, sportsleg, arrangementmessig og på anleggsida. Dette har berre vore mulig fordi det er mange som gjer ein stor innsats for fotballen.

Takk til sponsorar, tillitsvalde, aktive, støtteapparat, dugnadsfolk og andre som tek i eit tak når det trengst.